

Enda mer merkbar prisstigning

Fleire medie melder om nedgang i forbruket sidan i fjor, og at dette viser at inflasjonen no er blitt enda mer merkbar.

Romerikes blad melder at realverdien av konsumet til husstandene i Norden var lågare i april enn på same tid i fjor. Det største fallet finn ein i Noreg. Realverdien av konsumet gjekk våren 2023 frå å ligge 5 prosent over fjorårets verdi til å ende på 6-7 prosent under. Den prosentvise nedgangen er nesten like stor i Sverige og Danmark, mens den ligg på rundt ein prosent i Finland.

Det er særleg varekonsumet som har gått ned. For Noreg var nedgangen i realverdi på 12-13 prosent, mot 2-7 prosent for dei andre landa. Vidare viser avis til at Nordea Markets forventar ein vidare nedgang i husholdningane sitt forbruk på 1,5 prosent. At dei ikkje ventar ein større nedgang kjem av venta reallønsvekst i lønnsoppgjeret og at arbeidsløysa er relativt låg.

Nettavisa skriv at nedgangen i brutto nasjonalprodukt var på 0,4 prosent i april. Dei siterar seksjonssjefen for nasjonalrekneskap i Statistisk Sentralbyrå (SSB) som seier: – Det er nå tegn til at norsk økonomi bremser opp. Det har vært en jevn vekst i store deler av 2022, men de siste månedene har vi sett en gradvis utflating fra måned til måned, og nå har vi en nedgang i april.

Avisa skriv at nedgangen i næringane var brei, og trekk særleg fram varehandel, bilverkstader samt bygge- og anleggsverksemd. Som med artikkelen i Romerikes Blad peikast det på at hushaldningane si kjøpekraft har gått ned. Dei peikar på inflasjon og renteaukingar som årsak. Av varer som det går mindre av nemnast mat og drikke, transportmiddel, møbler og hushaldningsartiklar. Ei auke i forbruk av klær og sko dempar det totale fallet noko.

Også tjenestekonsumet blant nordmenn fall. Dette gjald særleg forbruket i utlandet. Tjenester som kjøpast mindre er særleg knytt til hotell og restaurant, men også forbruket av fritids- og transporttjenester gjekk ned. Ei auke i forbruk av boligtjenester dempar dette falllet noko. Medan det var vekst i petroleumseksporren i april, fall verdien av samla eksport med 1,2 prosent, måla i faste prisar. Målar ein samla import i faste prisar var nedgangen på 2,4 prosent. Også her var nedgangen større for tjenester enn tradisjonelle varer.

Referanser

[Nordmenns konsum lavere i år enn i fjor – Romerikes Blad](#)

[Tilbakeslag i norsk økonomi: – Inflasjonen begynner å få effekt – Nettavisen](#)